Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12. Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Iveland

Emne: Gamal engkultur Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Kopâit Gard:

(adresse): N.E.G. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmenn:

Knut Ranestad, f. 1882 på Ranestad, bonde der.
Katrine Ranestad, f. 1894 på Håvardstad i Iveland, budde i barnåra fleire stader i Frøysadalen, gift med Knut R.

1. Den dyrka jorda heitte innjordet.
Utanfor innjordet låg ūtjordet. Det vor slåttemark, naturveng.
Innjordet og ūtjordet heitte jordet.
Utanfor jordet var skauen med skau-slåttane. Det vor mykje skauslått på Ranestad; dei hadde 11 løer i heia.
ei ~~tt~~ ekre er eit dyrka jordstykke som kan vera både åker og eng. Skarpvallekra.
Eit tilsvarande stykke på myr heitte ein dūk. Der vor vatnet tappa ūt med dike. På Ranestad er Dūkane.
ein vall var det ikkje dike i. Det var helst ein tørr bakke og låg oftast i ūt-jordet.
vollhøy var høy frå ūtjordet og frå gamal eng.
tjukkeng var ei eng med godt gras på; brūkt sm grasvollsteren

16581
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I skauen var det skauslått. I den største var det 15 som marlass, i den minste 7. Skauslåttene slo dei annankvart eller tredjekvart år. Den største skauslåtta vor delt i 3 parter som dei slo etter tur. Skauslåttene var både myrslått og holeslått. Utfrå myra gjekk det både holer og seger. Ei sega er vått, eit vått sig som gjekk inn i skogen på myra. I hola vor det meire kjørrt. Ei jota var norast det same som ei sega, men ordet jota vor mindre brukt i Lesland.

Dei slo bare med stuttorv i Lesland.

2. Dei rødda innjordet og åtjordet for kvist og daulauv. I gamle dagar rødde dei i skauen òg. Kvisten og Daulauvet kasta dei bare til sides.

3. Dei hadde ikkje noko middel mot mose i enga. Dei kunne hakka mosen opp, la han tørke, brenna han og så Sora i staden.

Knut R. kan hugsa at dei bare let gjenlegget gro tie av seg sjølv. Far hans gjorde så då han vor liten. Det gjekk både 2 og 3 år før det vaks tie.

Han kan også hugsa at dei sådde oppsop på løa. Det vor best på heste-løa.

På Ramstad sådde dei kjøpt grasfrø første gongen tidleg i 1890-åra. Dei tok tie med det på den tida omtrent alle i bygda.

4. Dei har vatna åt eng i lang tid. I bakke brukte dei holedike som er steindike. I myr brukte dei slepe-dike

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16581

same dr var tatt.
Dei kjørte gjødsla ut. På den tida dei kjørte ut tallen, var det gjerne litt snø nedi dekkene. Då kjørte dei med ein stor slede med karm på.
Dei sprøytte med greip frå sleden eller kjerra.
Sjølv har Knut R. kjørt bjørk eller kugjødsel på enga, men ikkje etter talle.
I våballen måtte kvinnfolka raka vekk kvist og anna rusk etter tallen.

9. Sauene fekk kanskje gå på enga nokre dagar om våren. Men vårbeite på enga var ikkje vanleg i den tida han kan hugsa. Men beinverksgardane måtte kanhende få kyrne ut på graset om våren. Den første tida som Knut R. kan hugsa, gjekk dei i skogen til mikkelsmess, og etter den tid på jordet. Då vart heile jordet beitt.

10. Det har vorte heilt slutt med vårbeitet, og meir haustbeite.

11. Ja, dei slo den ut med greip.

12. Naboen på det andre bruket på Ranestad hadde sommarfjøs oppe på Moen. Eieland og mange andre gardar hadde også, men ikkje det bruket på Ranestad dr Knut R. vaks opp. Dei hadde nemleg ~~att~~ heile jordet sin rundt omkring naboens jorde, og han kunne ikkje koma frå sitt jorde eller frå husa til skauen utan å gå over deira jorde. Han var difor nøydd til å ha sommarfjøs, medan dei kunne greia seg utan.
Huset hette sommarfjøs.

16581

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei hadde drive med engvatning på Håvardstad då bestefar til Katrine R. hadde garden. Dei leidde vatnet heim frå ei tjørn. Der grov dei smaveiter så dei fekk vatnet godt utover. Dei la gjødsel i vatnet så dei fekk gjødsla med det same.

5. Det var gammalt at dei gjødsla enga, men ikkje skauslåttene med vintergjødsel. Dei gjødsla enga lerre med tallen. På Ramestad hadde 24-25 sauer og 12-14 kyr, og dei rekna gjødsla etter ei ku lik gjødsla etter 4 sauer. Det gir eit mål på kor stor del av vintergjødsla som vart brukt på enga.
Det var ikkje all enga som vart gjødsla kvart år.
Knut R. kan ikkje segja noko om kor sterkt enga vart gjødsla.

6. Ukjent.

7. Ja, det var vanleg å setja husa slik at ein kunne få sota av garden, sotetrekk frå gjødselkjellaren. Men på Ramestad var det ikkje slik, det var for flatt.
På Håvardstad og mange andre stader hadde dei grave små veiter for å spreia sotetrekken. ←
Dei hadde mange små potetåkrar oppi bakkane på Ramestad. Då bestefar overtok garden, var det 36. Det seig sota frå desse og til enga omkring, og Knut R. trur at dei hadde desse små åkrane for sota si skuld. Reinahøyet var rekna for å vera svært godt.

8. Dei gjødsla enga om våren, tidleg, med

16531

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sommarfjøset stod i kanten av skauen eller i kanten av jordet slik at dei fekk sala ned over jordet.
Det var til vanleg bås i sommarfjøset, men Knut R. har ikkje maraure greide på korleis dei stelte seg med gjødsla der.

13. Kyrne overnatta ikkje i innhegningar.

14-18. Ukjent.

19. eit nepetrø var ein liten nepeaker; den var ikkje inngjerd.
ei stød er ein stad der kyrne staggar til middag i 1½-2 timar. Heimelsmennene kjende ordet leiheft, men brukte det ikkje.
Skogen på „dette" bruket var delt inn i 6 gjætestykke, dei gjætte ein dag i kvart av dei etter tur, ei ett to dagar for viha. ~~I kvart~~ Det var stød i 5 av disse gjætestykke – tidlegare hadde det vore 6, men ~~ett~~ ei var gått til ein husmannsplass. På 4 av stødene var det kjøringhus. Det var eit lite tømra hus på 2 × 1½ m med plass til ein benk og eit lite bord.
Gjætestykka og stødene var disse:
Klivan med Klivanstød.
Homtjønn med Homtjønnstød
Holtan med Mjøllbrekkstøda
Varehei med Vareheistøda
Kråkedal~~en~~ med Kråkedalsstød.
I Kråkedalen gjætte dei to gonger i veka. I støda der var det ikkje hus, men ein stor heller. Der møttest dei med kjøringen frå Landsverk.
Sagehauene, der gjekk kyrne om søndagen, og der gjætte dei bare til

16581

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

middag. Då gjekk dei heim heim, og
Kyrne gjekk på sjölvstyr resten av dagen.
Der var det inga stöd.
Dei andre orda ukjent.

20. Ikkje seter i Iveland.

21. Katrine R. hugsar at dei samla oske og at den var god mot vorse i auga.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING